

Orientering i samband med forsørgjartillegg

Forsørgjartillegg blir gitt som:

Ektemaketillegg

Barnetillegg (første barn)

Barnetillegg (resten av barna)

Ektemaketillegg blir utbetalt:

- for ektemake/partnar (som han/ho har inngått registrert partnerskap med etter partnerskapslova)
- for sambuar, dersom dei sambuande har felles barn
- til enkjemann/enkje med barn under 18 år
- til fråskild med barn under 18 år, når barnet høyrer til huslyden til den utskrivne, eller blir heilt forsørgd av han/ho
- til separert med bidragsplikt

For dei to siste kategoriane får ektemake/partnar forsørgjartillegg også for foreldra, viss vedkomande har forsørgjaransvar for desse. Viss foreldra er døde, får ektemake/partnar forsørgjartillegg til éin forsørgd bror eller éi syster under 18 år, når vedkomande høyrer til huslyden til den utskrivne, eller heilt ut blir forsørgd av han/ho. I særlege tilfelle kan ektemaketillegg heilt eller delvis også betalast ut når det blir legitimert bidragsplikt til fråskild kone eller mann/partnar.

Barnetillegg blir utbetalt for kvart barn under 18 år (medrekna adoptivbarn, stebarn, fosterbarn og barn fødde utanfor ekteskap, når dei blir heilt eller delvis forsørgde av den utskrivne). Viss ektemake/partnar/sambuar tek mot bidrag for særkullsbarn blir barnebidraget redusert med bidragsbeløpet. Barnetillegg som blir ytt på grunnlag av bidragsplikt, blir utbetalt med fullt beløp sjølv om bidraget er fastsett til eit lågare beløp. Barnebidraget kjem i staden for bidrag berre for den tida tillegget blir betalt, og fører ikkje til reduksjon av bidrag som forfell eller skulle ha vore betalt utanfor dette tidsrommet.

Det blir utbetalt eit forsørgjartillegg pr dag for foreldre og eller sysken under 18 år som blir forsørgde av den utskrivne.

I samband med utbetaling til bidragsfuten: Når tillegg blir ytt på grunnlag av bidragsplikt, kan bidragsfuten krevje at beløpet blir utbetalt til han. Bidragsfuten skal i slike høve gjerast kjend med føresegnene for barnetillegg.